

## *Instruktørutdanning gjeterhund – mal for arbeidet*

### **Krav for å verta instruktør:**

- Medlem i NSG
- Vere føreslegen av fylkeslag eller lokallag
- Villig til å vera aktiv instruktør og vidareutvikla seg gjennom oppdateringskurs hjå fylka.
- Ha trena sin eigen hund til godkjent prøve i kl 2

### **Dei ulike trinna:**

#### **Trinn 1:**

- Ca. 16t
- Teori og praktisk trening/problemløysing med eigen hund eventuelt instruksjon av elevar.
- Hovudinstruktør

#### **Trinn 2:**

- Ca. 16t
- Praktisk instruksjon med godkjent instruktør. Kan være kurs eller fellestreninger i fylkes/lokallagets regi.
- Godkjent instruktør i fylket eller region.

#### **Trinn 3:**

- Ca 16t
- repetisjon, instruksjon med stor vekt på praktisk instruksjon av elevar. Læra bort det du sjølv kan med hunden din.
- Hovudinstruktør
- ca 1 år etter utført trinn 1.

### **Krav for godkjenning**

- Hovudinstruktør foreslår godkjente elevar til fylket.
- Fylkeslag godkjenner instruktørar i fylket, disse sendes til gjetarhund ansvarleg i NSG.
- Fylket setter retningslinjer for kor ofte instruktørane i fylket må oppdatere seg.
- Godkjente instruktørar før mal ble utarbeidet i 2011, er framleis godkjende om ikkje fylke krevjar noko anna.

### **Innhald teoretisk del:**

- Organisering av gjetarhundarbeidet i Noreg, NSG, gjetarhundprøver, hundelova, dyrevernlova.
- Border collie/working kelpie som rase og individ (gjetareigenskapar, avl).
- Hundens utvikling frå fødsel til vaksen.
- Hundespråk (dempande og truande signal, stress).
- Læra og bruka gjetarhunden sin arbeidskapasitet gjennom året.
- Hunden sin læringsteori . (lære nytt, oppretthalde og generalise), (belønning/straff, taiming, konsekvens m.m.). ((Praktiske døme på dette)). ((Kor ofte må ein trena for å få resultat?))

- Kvardagslydnad, miljøtrening. (kva øvingar treng ein, korleis få eit godt forhold til hunden din, praktisk trening på øvingar). Kva forhold vil eg ha til hunden min? ((Kva vil du læra hunden, korleis gå fram, ulike metodar)).
- Kvifor er dette viktig?

### **Grunntrening på sau:**

- Dei ulike momenta, plan og trening, kommandoord, framgang i treninga m.m.
- Gjennomgang av læringstrappa. Praktiske døme .
- Sauekunnskap, bevegelsesmønster, flokktilhørigheit , utnytta sauene og hundens sine eigenskapar for å få gjort jobben. God dyrehandtering er sjølvst. Korleis trene for å få gode treningssau.
- Overføra teorien til praktiske øvingar ute på jorda med hund og sau.
- Innanfor kvart fagfelt må det vera rom for individuelle skilnader etter kva den enkelte instruktør legg vekt på.

## **Menneske (pedagogikk):**

- Planlegge kurs.
- Kva skal til for å administrera ein læreprosess, korleis forhalda seg til ulike mennesketypar ved instruksjon.
- Korleis skapa tryggleik og meistring i læringssituasjon, vera konkret m.m.
- Praksis læra organisera instruksjon, 6 deltakarar, sau, område, gjetarhund.
- Læra alle mogelegheit til å læra noko.
- Det må også vera mogeleg å ta inn eksterne instruktørar med spesialkompetanse for spesielle fagfelt som t.d. pedagogikk, hundepsykologi og liknande.

Vedteken av Gjeterhundrådet 16. februar 2012.